

# **NYE VEDTEKTER FOR HALSESAMLINGA:**

## **Vedtekter for samlinga etter Sigrun og Leif Halse kalla Halsesamlinga**

### **1. FORMÅL**

Halsesamlinga ligg under Todalen historielag og har til formål å ta vare på den gava Todalen har fått etter Sigrun og Leif Halse.

Så ofte ein finn det er rimeleg, skal ein skipe til tilstellingar/festar med program knytt til Leif Halse og Todalen i eldre og nær fortid og framtid.

### **2. REGLAR FOR SAMLINGA**

Samlinga skal så vidt mogleg vera ordna systematisk i arkiv med register og skal ha tilsyn og vedlikehald av ein valt/tilsett person, og lagrast mest mogleg brannsikkert.

Interesserte personar skal etter avtale ha tilgjenge til samlinga.

Samlinga kan utvidast med stoff om Halse og Todalen.

Så vidt mogleg skal samlinga vera oppbevart ved Todalen skule.

### **3. STYRET**

Halsesamlinga skal leiast av styret i Todalen historielag.

I nødvendige saker skal rektor ved Todalen skule, styraren ved bibliotekfilialen i Todalen og skulebibliotekaren innkallast.

### **4. OPPLØYSING**

Dersom Todalen historielag vert oppløyst, skal leiinga av samlinga takast over av Todalen skule.